



INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Postboks 4404 Bedriftssenteret

2325 HAMAR

Vår ref
2025/724-2

Dykkar ref
2024/4694

Saksbehandlar
Bernt Dahl

Dato
19.06.2025

Høyringssvar – Handlingsprogram fylkesveg 2026 – 2029

Skjåk kommune takkar for høvet til å gje uttale til utkastet til Handlingsprogram fylkesveg 2026–2029. Kommunen har gjort ein ny gjennomgang av dei tidlegare innspela frå 2024 og reviderer tiltakslista for å møte både fylket sitt programområde «trygg skuleveg» og lokale trafikksikkerheitsutfordringar.

Revidert prioritert tiltaksliste (2026 – 2029)

Prioritet	Strekning	Vegnr.	Tiltak	Skuleveg
1	Rv 15 Skjøret → Aurmo gang- og sykkelveg	Fv 2650	Vegskulder + gatelys	Ja (2–4 km)
2	Skamsar bru → Bokkoddbrua	Fv 2650	Vegskulder + gatelys	Ja (< 2 km)
3	Lundavegen – Nørdre Juva → Skamsar bru	Fv 2648	Vegskulder + gatelys	Ja (< 2 km)
4	Vegkryss Marlo	Fv 2646	Busslomme m/ lys	Ja
5	Alle fylkesvegar i Skjåk	–	Skogrydding (viltsikring)	–
6	Gamle Strynefjellsvegen	Fv 258	Vegtoalett	–

Tiltaka 1–3 vil kunne oppheve dagens farevurdering som gir elevlar rett til skuleskyss, og frigjera skyssressursar til andre behov. Kombinasjonen vegskulder og gatelys er eit kostnadseffektivt alternativ til full gang- og sykkelveg og krev mindre areal.

Verknader av planlagte Strynefjellet-tunnelar

Statens vegvesen planlegg nye tunnelar på Strynefjellet langs riksveg 15. Når desse står ferdige, vil dei gi ein tryggare og meir forutsigbar heileårsforbindelse mellom Aust- og Vestlandet. Skjåk kommune legg til grunn at tiltaket vil føre til ei betydelig trafikkauking på Rv 15 gjennom kommunen, både i form av tungtransport og reiselivstrafikk.

Denne auka får ringverknader for fylkesvegnettet som koplar seg til Rv 15, særleg Fv 2650 og Fv 2648 der skuleborna ferdast. For å sikre trafikk sikkerheit, framkommeligheit og tilstrekkeleg vegstandard ber kommunen om at Innlandet fylkeskommune:

1. Tilpassar handlingsprogrammet slik at skulderutviding, forsterking av køyrebaner, belysning og kryssløysingar vert dimensjonerte for den venta trafikken.
2. Samordnar planlegging og finansiering med dei statlege riksvegprosjekta, slik at nødvendige fylkesvegtiltak kjem på plass i rett tid.

Samla vurdering

Den reviderte tiltakslista er realistisk innanfor fylket sine økonomiske rammer, tek særleg omsyn til trygg skuleveg og er føreseieleg i lys av den venta trafikkveksten på Rv 15. Skjåk kommune oppmodar difor Innlandet fylkeskommune om å:

- innarbeide lista ovanfor i Handlingsprogram 2026–2029, og
- sikre at nye trafikkprognosar etter Strynefjellet-tunnelane vert teke inn i vidare plan- og budsjettarbeid.

Vi ser fram til vidare samarbeid om eit trygt, effektivt og framtidsretta vegnett i Skjåk og Innlandet.

Med helsing

Bernt Dahl

på vegne av:

Hovudutval for miljø og samfunnsutvikling
Skjåk kommune

Dokumentet er elektronisk og sendt utan signatur.

